
Vår referanse 2020/775-8
Dato 08.01.2021

Kontrollutvalet i
kommunar i Sogn

Sekretariatstenester for kontrollutvalet

Sekretariat for kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune vart reelt sett etablert 1.1.2005, ettersom sekretariatet er ei samanslåing av sekretariata i fylkeskommunane Sogn og Fjordane og Hordaland. Pr. i dag er me sekretariat for kontrollutvala i til saman 15 kommunar, i tillegg til kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune. Me er også sekretariat for kontrollutvalet i Bergen kirkelige fellesråd. Frå 2005 og fram til 2015 var me også sekretariat for Forum for Kontroll og Tilsyn (FKT) som er ein interesseorganisasjon for kontrollutval og deira sekretariat i heile Noreg. I dag er me eit av dei større sekretariata for kontrollutval i Noreg.

Me kan tilby sekretariatstenester til kontrollutval i kommunar i heile det nye fylket, jmf. kommunelova § 23-7. Vårt sekretariat tilbyr kostnadseffektive sekretariatstenester for kontrollutvala, med høg fagleg kvalitet på alt arbeid som vert utført. Prisane er berekna til å dekke kostnadene med arbeidet. Retningsgjevande er at ein ikkje skal krysssubsidiere kommunen, men at det heller ikkje er lagt opp til at fylkeskommunen skal ha økonomisk vinst på desse oppdraga.

Arbeidet i sekretariatet byggjer i stor grad på det som går fram av kontrollutvalsboka som Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD) har gjeve ut. Vidare er vårt sekretariat medlem i Forum for Kontroll og Tilsyn. Som det går fram over er dette ein interesseorganisasjon for kontrollutval i Noreg og deira sekretariat. Gjennom medlemskapet har me tilgang til medlemsfordelar som t.d. vegleiarar på ulike område innanfor kontrollutvalet sitt ansvarsområde.

Medarbeidarane hos oss har både fagleg spiss- og breiddekompetanse til å levere sekretariatstenester for kontrollutval i kommunar. Sekretariatet vil vera tilgjengeleg for kontrollutvalet på e-post og telefon innan vanleg kontortid, men me vil og kunne kontaktast utanom kontortid. Me er villig til å strekke oss langt for å vera tilgjengeleg for kontrollutvalet, administrasjonen og revisjonen. Me har og tilstrekkelig kapasitet til å levere ad-hoc oppgåver.

Me har i dag 5 stillingsheimlar. Kontrollutvalet i kommunen vil få ein fast kontaktperson å halde seg til. Til no har kontrollutvala i dei kommunane me er sekretariat for i hovudsak hatt same kontaktperson gjennom mange år, noko som er ein styrke då det sikrar god kontinuitet. Ein annan av våre styrkar er at me er fleire tilsette i sekretariatet og at me difor kan samlast for å diskutere vanskelege saker før me utarbeider saksframlegg til kontrollutvalet. Me har også etablert gode rutinar for intern kvalitetssikring som sikrar kvalitet, integritet og uavhengighet i høve arbeidet som skal utførast for kontrollutvalet i kommunen.

Meir informasjon finn du på vår heimeside <https://www.vestlandfylke.no/om-oss/organisasjon/kontrollutvalget/>

Dersom dette er av interesse for kontrollutvalet i din kommune er det berre å ta kontakt.

Med helsing

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift